



Forum for natur og friluftsliv, co/BERGEN OG
HORDALAND TURLAG
Tverrg 4-6
5017 BERGEN

Dato: 20.03.2017
Vår ref.: 2017/241-42
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Att. Ørjan Sælensminde

Tilskot til miljøorganisasjonar i Hordaland

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til organisasjonar datert 14.02.2017. De søkte om kr. 100.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 75.000,- til Forum for natur og friluftsliv frå budsjettet Tilskot til miljøorganisasjonar 2017.

Beløpet blir overført til kontonummer: **3624.68.33847**

1. GRUNNLAG

Ut frå formuleringane i søknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

Bidra til eit betre miljø og ei berekraftig utvikling ved å fremme natur- og friluftslivssyn i utbyggingssaker, i større plan- og arealsaker, ovanfor politikarar og den generelle folkeopinion.

2. ORGANISERING:

Kontaktperson: Ørjan Sælensminde

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsinntakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsinntakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Tilsegnsinntakar **skal** sende rapport til Hordaland fylkeskommune innan 15. februar 2018.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er

klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klagt over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

4. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, som de kan kontakte på tlf. 922 066 75 eller e-post: tale.halsor@hfk.no.

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Anne-Grethe Stenhjem

Vedlegg

1 Akseptskjema